

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 16/6440-1

## Anbod 2016 - Forvaltningsrevisjon - Anbodsdokument

### Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Anbodsdocumenta vert godkjent slik dei ligg føre.
2. Kontrollsjefen får i oppdrag å få anbudet lagt ut på DOFFIN og eventuelt andre databaser som er lovpålagde.

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

#### Vedlegg:

- Konkurransesgrunnlag m/vedlegg. Dokumenta vert omdelt i møtet. U.off jf. OFL § 5.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune har rammeavtale med Deloitte AS ang. leveranse av forvaltningsrevisjonstenester. Avtalen vart inngått 10.6.2013 med varigheit til 31.05.2015 med opsjon for to år, ref. FT-sak 1/13. Avtalen har blitt forlenga i samsvar med opsjonen, og går ut 31.05.2017, ref. vedtak i FT-sak 8/15.

Det er, etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 78 nr. 4, fylkestinget som sjølv skal velje revisor. Valet skal verte gjort etter tilråding frå kontrollutvalet.

### 2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollsjefen har starta opp arbeidet med nytt anbod for kjøp av forvaltningsrevisjon med ein framdriftsplan som gjer det mogeleg å legge fram ei sak til fylkestinget 6. desember om val ar forvaltningsrevisor.

Innkjøpssjefen si rolle vert rådgjeving i forhold til lov og forskrift om offentlege anskaffingar, i tillegg til å gjere det praktiske arbeidet med å legge anbudet ut på DOFFIN og eventuelt andre databaser som er kravd ut frå lov og forskrift. Rolla til innkjøpssjefen er avklart med fylkesrådmannen i ein epost – utveksling med assisterande fylkesrådmann 20. april 2016.

I følgje arbeidsplanen skal anbodspapira leggest ut på DOFFIN 29. august med frist for innsending av tilbod 17. oktober.

Kontrollsjefen har hatt bistand frå innkjøpssjefen ved utarbeiding av anbodsdokumenta, for å sikre at dei er i samsvar med lov og forskrift om offentlege anskaffingar.

Anbodsdokumentet er bygd opp med eit hovuddokument, Konkurransgrunnlaget. Her vil ein finne all praktisk informasjon om anbudet, frist for innsending av tilbod, vedståingsfrist osv. Konkurransgrunnlaget vil også innehalde eit kapittel med informasjon om anskaffinga, kvalifikasjonskrav som vert stilt til den enkelte tilbydar, og kriterium for val av det beste tilbodet.

I tillegg til konkurransgrunnlaget er det utarbeidd vedlegg i den utstrekning det er føremålstenleg for anbudet.

Anbodsdokumenta er unnatekne offentleg inntil dei er lagt ut på DOFFIN og eventuelt andre lovpålagde databaser, jfr. OFL § 5.

#### **4. Konklusjon**

Det er utarbeidd anbodsdokument i samarbeid med innkjøpssjefen, der kontrollsjef har hatt ansvar for det som er relatert til forvaltningsrevisjon som fag, og der innkjøpssjefen har bistått til det innkjøpsfaglege i anbudet. Dokumenta vert gjennomgått i kontrollutvalsmøtet.

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å godkjenne anbodsdokumenta, og gje kontrollsjefen i oppgåve å få dokumenta lagt ut på DOFFIN og eventuelt andre databaser som er lovpålagde.